
Fra: Lin Tove Thomassen
Sendt: 12. juni 2015 15:25
Til: RA-Bestilling
Emne: Vaktmesterteneste i samband med valgjennomføring

Kommunestyre- og fylkestingval - Vaktmesterteneste 11. sept og 15. sept.

I samband med tillaging og nedrigging i vallokala teng vi hjelp frå uteavdelinga.

Oppdrag fredag 11. september kl 8:

- Køyre 3 stk valavlukke frå rådhuset til hallen på Sæbø skule, setje desse opp
Setje ut tre bord langs med kortveggen og 6 stolar
- Køyre 4 stk valavlukke frå rådhuset til Radøyhallen og setje desse opp
Setje ut fire bord langs med veggene under ungdomens hus og setje fram 7 stoler
- Køyre 1 avlukke til Hordabø og setje dette opp.
Setje ut tre bord med kortveggen mot nord.

Valavlukka kan de hente nede i kjellergang på rådhuset, hugs også behaldar til stemmesetlar.

Oppdrag tysdag 15. september kl 7.00 (evt måndag etter kl 22)

- Ta ned 3 stk valavlukke på Sæbø skule og setje dei i kjellergang på rådhuset
- Ta ned 4 stk valavlukke i Radøyhallen og setje dei i kjellergang på rådhuset
- Hente diverse utstyr, stemmesetlar, datamaskiner, skrivar, kablar og levere dei til kultur- og sørivistorget frå alle dei 4 krinsane (Hordabø skule, Radøyhallen, Sæbø skule og Austebrygd skule).

Vi burde også hatt ei beredskapsvakt på valldagen.

Dette i tilfelle vi får problem med skulebygga eller Radøyhallen, eller at vi treng å køre materiale til vallokala.

Har de eit namn og eit mobilnr som de kan gje meg?

IKTNH kjem til å legge kablar og sjekke utstyr fredag 11.sept etter lunsj

På førehand takk!

Med helsing Lin Tove